

Os kyrkjeblad



DEN NORSKE KYRKJA

Os kyrkjelyd | Nr. 1 | 2026 | 81. årgang



| KONFIRMANTAR 2026 | VÅRKALENDER | MUSIKAL |

OPPSIG

Då eg hadde gleda av å vere med i teamet som inviterte til "Messy church" i Nore Neset kyrkje før påske, skulle vi leike, undre oss og vere kreative med påskeveka som tema. Ei annleis og gøy gudstenesteform som utfordrar og stimulerer både store og små. Men eg var veldig spent på eksperimentet eg hadde ansvar for, nemleg "oppstandelseskraft" - ei flaske skulle fyllast med brennbar gass, antennast og fyke av garde. Før gudstenesta hadde vi forsøkt utan å få det heilt til - den store "wow-faktoren" uteblei. I siste liten landa vi på reserveløysinga: Mentos i brus. Det plar i alle fall skumme godt!

Vi samla gjengen som hadde kome til kyrkjens denne søndagen utanfor hovudingangen, og eg håpa intenst at det skulle bli minneverdig, dette. Og jammen slo ikkje "oppstandelseskraften" til, og sende brusen nesten til toppen av kløkketårnet! Stor applaus, og stor lettelse for den ansvarlege - meg. Eg vart rett og slett litt lyfta opp av dette oppsiget, og av fellesskapet som ei god gudsteneste er.

I dette nummeret kan du finne meir om gudstenestene våre, og andre stader der du kan lyftast opp. Håpar du òg kan kjenne på oppsig denne våren!



Sigurd Rotvik Tunestveit
Dagleg leiar, Os sokn

PÅ MANDAT

Det å bli bedt om å gjere noko viktig på vegne av eit fellesskap, er flott. Å skulle forvalte noko som er viktig for fellesskapet, gjer at oppgåva kjennest viktig. Det kan kjennast personleg godt og styrkande å få denne tiltrua frå dei andre. Slike verv som ein kan få frå frivillig organisasjonsarbeid, frå idrett og misjon, frå politikken. Ein stortingsrepresentant får dette vervet på mandat frå veljarane. Med ei oppgåve.

Slik har eg ofte tenkt om tenesta som prest, også i tida i Os kyrkjelyd. Gjennom ordinasjonen frå kyrkja går eg inn i ein avtale om å forvalte kyrkja sin viktigaste skatt, som vi har fått i ordet og sakramenta. *Det er ikkje mitt - det er vårt.*

Paulus understrekar i det fyrste korintarbreve at hans hovudoppgåve er å gje vidare den budskapet han sjølv hadde mottatt frå kyrkjelyden då han vart omvendt til Kristus.

«For først og fremst overgav eg til dykk det som eg sjølv hadde motteke, at Kristus døydde for syndene våre, som skriftene har sagt, at han vart gravlagd, at han stod opp att tredje dagen, som skriftene har sagt, og at han synte seg for Kefas og deretter for dei tolv.» (1 Kor 15)

Ja, sjølv Kristus seier at

Eg er ikkje komen ned frå himmelen for å gjera det eg sjølv vil, men det han vil, han som sende meg.

(Joh 6)

Han er send av Far med ei tydeleg oppgåve. Alt startar med Far.

Så kan og skal jo kvar av oss bruke dei gode evner og eigenskapar vi måtte ha, i utøvinga av oppgåva. Men å arbeide på mandat betyr også at eg ikkje kan gjere kva som helst, eller hovudsakleg følgje egne innfall eller behov. Nei, fullmakta frå fellesskapet har også føringar med seg - som seier noko om grenser og føremål for mandatet. *Privatpraktiserande prestar fins i prinsippet ikkje.*

Og eigentleg er ikkje dette heller «grunnleggande» nok. For kyrkja er jo heller ikkje den ytste mandatgjevar, det er Gud sjølv. Det er noko både prestar og alle som har sitt har si teneste i kyrkja kunne ha godt av å bli minte på oftare. Ja, også kyrkja sjølv som kollektiv og fellesskap, kunne godt bevisstgjere seg på at det vi forvaltar og formidlar gjennom evangeliet er noko vi har motteke frå Gud. Det er eit mandat med føringar og grenser, og ikkje noko vi sjølve eig.

Vi er på veg mot påskehøgtida, og Kristus går inn i dei hendingane og handlingane som avgjer verda og mennesket si skjebne. Han tek dette på seg - av eiga vilje og kjærleik. Men også han erkjenner dette: Eg er ikkje komen ned frå himmelen for å gjera det eg sjølv vil, men det han vil, han som sende meg.» - For alt startar med Far.



Svante Havåg
Prostiprest i Fana prosti/Os kyrkjelyd
sh226@kyrkja.no



Os kyrkjeblad

Os kyrkjeblad kjem ut tre gonger i året, og vert sendt som informasjon til alle heimar i Os.

Utgjevar
Os sokneråd
Postboks 209, 5202 Os

Soknerådsleiar
Tone Steinsund Hagevik
tonehagevik@gmail.com

Redaksjonsleiar
Sigurd Rotvik Tunestveit
st575@kyrkja.no

Abonnement
Bladpengar (frivillig) kr. 250/år
Bankgiro 3201 53 23484
Vipps 786791 | Merk betalinga "Bladpengar"

Opningstid kontor
Øyro 49, 5200 Os
Måndag-tysdag og torsdag-fredag 10-14, onsdag stengd

Kontakt
Tlf.: 56 57 24 00 | E-post: post.os@kyrkja.no



Forsida
Skikkeleg god stemning på Tårnagent-helg i februar, då agentane i Os kyrkje fekk løyst alle oppdraga for dagen. Foto: Anne Line Bjånes

Trykk
ETN grafisk | Opplag 9360

Nettside
www.kyrkja.no/os-vestland

Vår grøne
kyrkjelyd



GLIMT FRÅ KYRKJELYDEN



← KOREdu fekk vere med på studioinnspeling med Lise Renee Aase i Tunet i januar. Foto: Jostein Halland. Les meir på side 8! (Foto: Jostein Halland)



↑ På tårnagent-helg kom det stadig ein mystisk person med nye oppdrag som Tårnagentane måtte løyse for å få tak i - og løyse - ein mystisk kode. (Foto: Sylvi Lundgren)



← Ein ekte tårnagent må undersøke nøye for å løyse oppdrag, også under kyrkjegolvet må det gjerast undersøkingar! Støvete, mørkt - og veldig spennande! (Foto: Kristine Fjeld)

→ Heloise og Ally i leiken "grip mikrofonen" på konfirmantleir til Raknestunet i februar (Foto: Gro Helen Blindheim Skjælaaen)



← Lun stemning rundt bålpanna ein vintermørk kveld på Klubben. (Foto: Idun Fjeld)



← Nyrestaurerte benker på plass for våren på Os kyrkjegard. Kom og ta deg ein kvil! (Foto: Ine Sofie Moen)



→ Bra med energi att, sjølv etter leik i gymsal med gjengen i FamilieKRIK. Sjekk kalenderen for datoar i vår, og bli med! (Foto: Sigurd Rotvik Tunestveit)

↓ Intens frisbee-match med både barn og vaksne på FamilieKRIK i Os Aktiv (Foto: Sigurd Rotvik Tunestveit)



→ Uteavdelinga gjer gravplassane klare for våren - her er Lars Joar i gang med lauvblåsaren langs snorrette linjer på Kuventræ. (Foto: Ine Sofie Moen)



← Dei tre fyrste dagane i sommarferien, 24.-26.juni, er det igjen klart for Skapingsdagane! Går du på 1, eller 2.trinn kan du i år mellom anna prøve deg på trommer, graffiti eller klovneskule. Meld deg på! (Foto: Iselin Svanevik Skoglund)



↓ Samling utanfor Nore Neset under "Messy church" i mars, når Sigurd skal forsøke seg på eit eksperiment med "oppstandelseskraft" - altså Mentos i brusflaske... (Foto: Ingvild H. Evjedal)



Rebecca Hilleren har kome inn i staben i Os kyrkjelyd som diakonime-darbeidar i vår, og har med dét ansvaret for fleire viktige møteplassar og tilbod. Kven er så denne smilande dama som sjonglerar småbornsliv, språk-kafé, sorgtilbod og konfirmant-hjelp som ho aldri skulle gjort noko anna? Vi tok ein prat!

Hei Rebecca! Kan du fortelje litt om deg sjølv?

Eg er gift med Lars Joar (som jobbar i drift og som ungdomsarbeidar i Os kyrkje) og saman har vi fire born. Eg er utdanna sjukepleiar og har videreutdanning i familierapi. Før eg utdanna meg til sjukepleiar tok eg fagbrev i mote, og sydde min eigen brudekjole. Eg har eit hjarte for at menneske skal sjå sin sanne identitet i Gud, og vil vere eit lys for dei rundt meg.

Har du noko tidlegare kyrkje-erfaring?

Ja, eg er vokst opp i ein frimenighet i Bergen, og trivst godt med å vera der òg. Du kan vel seie at eg er meir van med litt friare liturgi enn i kyrkja.

Kva gjer du helst når du har fri?

Tja, med fire born i alderen null til ni har eg ikkje så mykje fri som eg berre brukar på meg sjølv nett no! Men i eit draume-scenario hadde eg nok vore på ei strand i Syden, der eg kunne veksla på å bli alt for varm, og godt nedkjølt i havet... I "den verkelege verda" kunne eg nok ynskje at eg hadde litt meir tid til å sy klede når eg har fri. Men her og no er dét eg faktisk gjer når eg har fri å rydda, eg kan finne på å baka, og om eg har litt for mykje fri utan mann eller born kan det hende huset er ommøblert.

Både gjenkjenneleg for mange og imponerende, dette! Kva ser du fram til i den nye jobben din?

Eg ser fram til å ha betrakteleg kortare reiseveg til jobben. Eg ser fram til gode samtalar med menneske. Og eg ser fram til å vere eit lys og eit håp for menneske som har det vanskeleg.

Så bra! Til slutt - tre ord som skildrer deg som person?

Då seier eg effektiv, blid og rolig.

Velkommen i kyrkjelydsstaben, Rebecca!

Tekst: Sigurd Rotvik Tunestveit



SPRÅKKAFÉ

Ønsker du å bli betre i norsk, eller bli kjent med menneske frå ein annan kultur? Kom og bli med både store og små! Vi et god mat, prater og har ein liten leik i lag.

Torsdagar kl. 17-19 i Tunet utover våren:

9. april, 23. april, 7. mai, 21. mai, 4. juni, 18. juni.

SORGGGRUPPE

13. april startar sorggruppe for dei som har mista ein ektefelle. Det blir totalt 5 samlingar der vi deler om sorga, saknet og livet med kvarandre.

Første samling er i Salongen på Tunet **måndag 13. april frå kl. 12.00.**

Ope for alle! Kom som du er, eller ta med ein ven.

Har du spørsmål? Ta gjerne ta kontakt med meg!

Rebecca Hilleren
Diakonimedarbeidar
988 98 047 | rh374@kyrkja.no

Påska er ei stor og viktig høgtid i kyrkja. Vi feirar Jesu siger over døden, som gjer at vegen til Gud ligg open for oss. Ei rekkje bibelforteljingar har sitt opphav i påskeveka, frå palmesundag til påskedag. Vi inviterer deg til å ta del i feiringa og undringa i våre fellesskap gjennom denne høgtida!

DET SKJER I PÅSKA:

TYSDAG 24. MARS

Kl. 09.45 i Os kyrkje: Skulegudsteneste med Os barneskule - men open for alle!

Kl. 11.30 i Nore Neset kyrkje: Seniortreff

Kl. 17.00 i Os kyrkje: "OPPLEV PÅSKA" - påskevandring for born fødd i 2021.

Påskevandring i kyrkja er open for alle aldrar også andre dagar gjennom påska - ta kontakt med oss!

ONSDAG 25. MARS

Kl. 12.00 i Tunet kyrkje- og kultursenter: Strikkeklubben "Strikk til Tunet" i Salongen

TORSDAG 26. MARS

Kl. 10.00 i Nore Neset kyrkje: Babysong

Kl. 11.30 i Tunet kyrkje- og kultursenter: Senior-Koinonia

Kl. 17.00 i Tunet kyrkje- og kultursenter: Språk-kafé

FREDAG 27. MARS

Kl. 19.30 i Tunet kyrkje- og kultursenter: Klubben

- opent ungdomsrom frå 8. trinn og oppover

PALMESUNDAG 29. MARS

Kl. 11.00 i Os kyrkje: Gudsteneste

SKJÆRTORSDAG 2. APRIL

Kl. 11.00 på Luranetunet: Gudsteneste

Kl. 12.15 på Ravneberghaugen: Andakt

Kl. 19.00 i Nore Neset kyrkje: Gudsteneste med kveldsmåltid

LANGFREDAG 3. APRIL

Kl. 12.00 i Os kyrkje: Pasjonsgudsteneste

1. PÅSKEDAG SUNDAG 5. APRIL

Kl. 11.00 i Os kyrkje: Høgtidsgudsteneste

2. PÅSKEDAG 6. APRIL

Kl. 12.00 i Smievågen: Friluftsgudsteneste for store og små.

Bålkos og grilling etter gudstenesta - ta med eigen mat!



DET SKJER I PINSEN:

FREDAG 22. MAI

Kl. 19.00 i Tunet kyrkje- og kultursenter: Klubben

- opent ungdomsrom frå 8. trinn og oppover

1. PINSEDAG SUNDAG 24. MAI

Kl. 11.00 i Os kyrkje: Høgtidsgudsteneste

2. PINSEDAG MÅNDAG 25. MAI

Kl. 11.00 i Lysekloster kapell: Gudsteneste

Kl. 18.00 i Tunet kyrkje- og kultursenter: Ungdomsgudsteneste

Finne oss på lagskarusell.osogfusa.no!

Alle lag på éin stad
Vi e' BJØRNAEFJORDEN

Sponsa av



STUDIOINNSPELING i Tunet



Siste dagen i januar skulle KOREdu få ei oppleving av dei sjeldne i Tunet. Her skulle vi få vere med på ei heilt spesiell innspeling!

Lise René Aase hadde nemleg spurt om vi ville syngje på hennar eigenkomponerte song «Et nytt eventyr er nå». Songen skreiv Lise til førskulebarna i Os barnehage, der ho jobbar, og ho hadde lenge tenkt på å få songen spelt inn. Heldigvis for KOREdu ville ho ha koret med. Det var skikkeleg stas!

Eit slikt oppdrag krev sjølvstøtt øving, og fleire av barna syntest det var rart at vi ikkje kunne søkje opp songen på Spotify. «Kvifor ligg han ikkje der?» «Det er fordi han ikkje er laga enno. Det er det VI som skal gjere!»

Endeleg var dagen her! Spegelen var gjort om til studio. Bak miksepulten sat tekniker Steinar Lyssand og Lise og følgde med. Først ut var dei tre solistane Mari, Sara og Rakel. Dei tok på seg headsetta og song både saman og åleine i mikrofonane. Fleire opptak måtte til, slik at Steinar hadde litt å velje i når alt skulle syast saman.

Etter eit par timar i aksjon, var det klart for pizza. «Utan mat og drikke duger helten ikke». Full av energi etter pausen vart koret delt inn i to grupper som skulle syngje på refrenget. Det var gøy!



Mari i gang med solo-delen



Leonora, Kaja og Pola i lyttemodus



Aria på ryggen til Kaja i pizzapausen.

Det var veldig rart å høyre si eiga stemme i headsettet. Nokon lo, nokon hysja, og nokon skreik så høgt at Steinar og Lise kvapp til og måtte ta av seg headsetta! Vi song og song og vart meir og meir glade i den fine songen til Lise! Etter mange «takes» og mykje moro var Steinar nøgd med jobben vi hadde gjort.

Med heile gjengen samla i Spegelen, fekk vi høyre den aller første versjonen av songen. Så bra det vart! Tenk at det er VI som syng! Hurra! No gler vi oss VELDIG til songen kjem ut på Spotify og nettet for øvrig - følg med!

Tekst: KOREdu

Bilete: Lise Renee Aase/Jostein Halland

KOREdu er tweens- og barnekoret i Os kyrkjelyd. Vi spenner frå 1.–7. trinn, og likar å syngje og leike saman! Frå hausten treng vi fleire som vil vere med å drive dette koret - er det deg? Ta kontakt!



Er du (eller har du ein) tweens (5. trinn – 7. trinn) i hus som har lyst til å læra meir om Jesus eller kanskje stilla nokon av dei vanskelege spørsmåla?

ALDRI ÅLEINE er eit hyggeleg møtepunkt for dei gode samtalanane for tweens i kyrkjelyden vår. Vi set fokus på spennande tema, lærer å be, blir kjent med Jesus og med kvarandre gjennom ulike aktivitetar. Vi leikar, testar kvarandre med quiz og har felles måltid med pizza og brus. Desse samlingane er lagt til søndagar kl. 18.00-19.30 i Eldstova (Tunet), om lag ein gong i månaden. Aldri åleine er organisert i Søndagsskolen og det kostar 50,- kr å vera medlem. Dette dekkjer pizza og brus heile semesteret. Det blir to samlingar til før sommaren, **26. april og 31. mai**, og på desse samlingane er òg du som går på 4. trinn invitert!

KOREdu set opp musikal:

STÅ OPP i Tunet 26. april!



Gjennom ord og tonar vil KOREdu utforske eit av dei store spørsmåla: Kvifor døde Jesus på krossen? Som svar finst eit mangfald av røyster, ord, tolkingar og bilete. KOREdu vil vise at mangfaldet ikkje er ein trussel, men ein ressurs i møte med livet til ulike menneske. For den som blir trykt ned av dårleg samvit, kan det vere frigjerande å få høyre at Jesus har bore straffa ein gong for alle. For den som fryktar at Gud er sint, kan det vere godt å få høyre at Gud var villig til å døy på ein kross for å vise sin kjærleik. For den som opplever kvar dag som ein kamp, kan det gje styrke å vite at Jesus har vunne den store kampen, og ein gong skal dele sigeren med oss. I musikalen «Stå opp» frå KFUK-KFUM er særleg det sistnemnde motivet trekt fram. KOREdu har gjennom vinteren hatt eiga øvingshelg og blitt merksame på korleis vi som eit fellesskap kan vere med å stå opp for andre. Jesus stod opp, Gud vil oppstå, og den 26. april deler vi det store kallet: Stå opp for andre!

Opplev STÅ OPP i Storsalen søndag 26. april kl. 17.00!

Barnesamling

Alle born har rett til å få høyre om Jesus! Barnesamlingar arrangerer vi samtidig med gudsteneste i kyrkja (når det ikkje er familiegudsteneste), og det er borna sin eigen gudsteneste. Vi tenner lys, ber og får høyra om Jesus eller andre historier frå Bibelen. Vi leikar, syng og gjer kreative oppgåver for å leike inn forteljingane. Det er ikkje påmelding, men ei Spondgruppe der ein får invitasjon til familiegudstenester eller barnesamlingar. Gruppekoden for å leggast til i gruppa er FPQUZ.

Barnesamlingane er organisert under Søndagsskolen og brukar søndagsskolen sitt Sprell Levande materiell. Det kostar 50,- kr å vere medlem av Barnesamling (Os eller Nore Neset). Dette dekkjer formingsmateriell og litt å bite i heile semesteret

Komande samlingar: 12. april og 14. juni!



ShubaDubs

Dei fleste kan sungen om dei tre trolla som bur på fjellet, men har dokke også høyrte om spøkelsa på loftet eller fiskane i havet? Kanskje nokon er klare for å gå seg ein tur i Jungelen og løfte litt på luene? ShubaDubs syng om trolla, spøkelsa, fiskane og om det å gå ein tur i jungelen i tillegg til at vi leitar etter sauer og lar Jesus styre båten. Før vi syng for maten og delar kveldsmat saman. ShubaDubs er organisert i Søndagsskolen (50,-) Vi har øvingar i partalsveker i Eldstova.

Ungdomstunet

- Tru og glede i godt fellesskap!

I vår kyrkjelyd har vi eit aktivt og mangfaldig ungdomsarbeid som samlar unge menneske til fellesskap, aktivitet og refleksjon. Her er ei oversikt over det som skjer i Ungdomstunet!

Ungdomsgudsteneste

Ungdommens egne gudstenester finn stad i Storsalen i Tunet, med band og god musikk, gode taler og rom for alle som vil ta del. Etterpå er det "kyrkjekaffi" - altså noko å ete og drikke og tid til å vere i lag. Ungdomsgudstenestene finn stad søndagar klokka 18.00, og datoar i vår er **12. april, 25. mai og 14. juni**

JoinUs – musikkglede i lag!

Kvar onsdag er det øving med Ten Sing-koret JoinUs. Her får ein utvikle seg musikalsk og kreativt på egne premiss, samtidig som vi bygger fellesskap og jobbar mot konsertar og framføringar gjennom året. Koret er eit inkluderande miljø med dyktige leiarar, der alle kan vere med anten på sang, musikk, dans, drama eller teknikk.

Få med deg JoinUs sin vårkonsert i Tunet fredag 17. april kl. 19.30!

KRIK Os – aktivitet og fellesskap

Fredagar kl. 18:00–19:30 er det KRIK Os, ein aktiv gjeng med fokus på lek og idrettsglede, i hallen på Os Aktiv. Er du glad i å prøve ulike sportar og spel, og vera i fysisk aktivitet i lag med andre? Då er det plass til deg, uansett dugleiksnivå!

Pizza & Bibel – tru og samtale

Ein søndag i månaden samlar ein god gruppe ungdommer til konseptet Pizza & Bibel. Namnet er kanskje sjølvforklarande? Samlinga startar i alle fall med felles måltid, før ~~gruppa delast~~ i to aldersgrupper: 13–15 år og 15+. Dette er ein arena der ungdom har høve til å stille spørsmål, reflektere i lag kring dei store og små spørsmåla, om tru, Bibelen og livet. Det er rom for undring og ærlege samtalar i et trygt og lyttande fellesskap. Velkommen til ei spennande samtale!

MiLK – MiniLederKurs

MiLK er eit leiartreningsprogram for ungdom som har vore gjennom konfirmasjonsåret. Her får ein byggje vidare med opplæring og trening i å vera leiar for andre, både i kyrkjelyden og elles. Gjennom MiLK utviklast identitet, eigenskapar og verktøy som ungdommane vil ha nytte av langt inn i vaksenlivet. Ikkje minst får dei vera med å forme ungdomsarbeidet vårt og inspirere dei yngre ungdommane.



KLUBBEN

Klubben opna i september og er ein open møteplass i Tunet ein til to fredagar i månaden. Klubben har base i Ungdomsrommet i Tunet, og her vil det vera underhaldning, aktivitetar, musikk, mat, andakt og kva enn ungdommane steller i stand. Fyrst og fremst eit trygt og inkluderande fellesskap!

ULF – UngdomsLeiarForum

ULF er ei eiga husgruppe for dei unge leiarspirene i kyrkjelyden. Ein søndag i månaden er det samling heime hjå sokneprest (og ungdomspappa) Roar og (ungdomsmamma) Ingvild til samver og samtale, middag (og dessert!). Dette er eit rom for påfyll, inspirasjon og vidare utvikling i leiarrolla.

SPOND

Vi brukar Spond for den interne kommunikasjonen til arrangementa våre. Meld deg inn i Spond-gruppa vår med koden **RRPQX!**



NETTSIDE

Vi brukar Ungdomstunet.no for å fortelje om arrangementa våre. Her finn du oppdatert kalender for det som skjer framover. For dei som ikkje har kome seg inn i Spond-gruppa er det òg mogleg å melda seg på arrangementa våre her.

Tekst: Harald Skoglund Dahler

GLIMT FRÅ



Eg ringer ein ungdom som hentar pizza som til Klubbens første U-Lederkurs. Eg spør om dei fortsett er på Capri. Han svarer: «Vi har henta pizzaen og er på veg heim... Nei, til Tunet, meiner eg».

Opningsfest

Eg, ungdommen og kompisen fniser av den sjarmerande flausa. Ein dag vil han kanskje forstå kjensla ein stakkars ungdomsarbeidar kan få av å høyre orda: «Eg er på veg heim», med henvisning til Tunet.

U-leiarkurs og Klubbmedlemskap er noko nytt å trekkje fram om Klubben. Heile 24 ungdommar skal gjennom eit intensivt kurs kor dei vil lære om seg sjølve, dei andre og korleis ein kan samarbeide i lag. Kanskje får det dobbelte kjærleiksbod ei ny mening for dei. Kurset inneheldt til samlingar og teambygging-leir. Det er eit viktig steg både for personleg utvikling og kulturbygginga for Klubben.

Klubbmedlemskap i KFUK-KFUM gir rabatter på blant anna Capri, Høyt & Lavt Bergen, CrossFit Øyro, Osbadet og Dyrenes Beste Venn. Medlemskapet gjev direkte tilgang til informasjon frå oss, eit fysisk medlemsbevis, og forhåpentlegvis kjensle av å høyre til. Ikkje minst får Klubben økonomisk støtte som gjer at tilbodet forblir gratis for alle.

Mykje av Klubbens arbeid dreier seg om å forstå, tilpasse, utfordre og ivareta. Å vite når ein kan pushe, og når ungdommane treng slækk. Ei situasjonsbestemt leing, som ungdommane lærer om. Kanskje litt inspirert av Jesus sin leiarstil?

Ungdomsarbeid er dynamisk, og særleg når Klubben skal vera ein stad for absolutt alle. Det er både utfordrande - og grådige kjekt. Klubben er framleis open ein til to gonger i månaden, med mellom 60 og 90 deltakarar. Vaksne vaktar har òg byrja å kjenne på tilhørse til og ansvar for Klubben. Det er ei glede å sjå relasjonar gro fram, anten det er over ein boks energidrikk eller ein kopp kaffi.

Tekst og bilete: Idun Fjeld

**STØTT
UNGDOMSTUNET PÅ
VIPPS #667789**



**Lyst til å hjelpe til i ungdoms-arbeidet?
Være vakt på Klubben eller bidra på JoinUs?
Ta kontakt med oss!
Mykje nyttig informasjon finn du òg på ungdomstunet.no**

Følg @UNGDOMSTUNET på



Harald Skoglund Dahler
Ungdomsleiar
Tlf: 482 61 164 | E-post: hd973@kyrkja.no



Idun Fjeld
Ungdomsarbeidar
Tlf: 482 66 376 | E-post: if594@kyrkja.no

2 LEIRAR 150 KONFIRMANTAR 6 TILSETTE 14 UNGDOMSLEIARAR ...OG MYKJE MORO!



Suverene ungdomsleiarar å ha med på tur! Øvst f.v.: Mads H. Sundfjord og Martin Nygard. Sitande i trappa: Ally S. Hjartholm, Liv Solberg-Hansen, Siri Anne Nygård, Marie H. Evjedal og Tindra Solheim. Liggande foran f.v.: Christian H. Evjedal og Jim Aron B. Røttingen.

“Konfirmantleir er skikkelig, skikkelig gøy! Kan vi dra på leir ein gong til?!”

Det er stas når dette er responsen frå mange av konfirmantane vi tar med oss på leir. I løpet av to helger no i starten av året, tok vi med oss ca 150 konfirmantar på leir til Raknestunet på Osterøy. Konfirmantane har vore med på å skape god stemning, sunge høgt, deltatt på leiker både inne og ute, laga underhaldning, gått ut av komfortsona si og bydd på seg sjølve. Mobilen har blitt liggande på rommet, og dei har vore sosiale saman, og mange har funne nye vener.

Vi har fast innslag av morgonbad i sjøen når vi er på leir, både laurdag og søndag, uansett tida på året vi er der. Denne gongen var det rundt 7 stk kvar gong som var med, til trass for at det var -7 grader i lufta og berre 3-4 grader i sjøen. Så det er nokre skikkeleg tøffe konfirmantar vi har i dette kullet!

På samlingane har vi snakka om «kvifor Jesus måtte dø» - eit stort tema. Vi har snakka om at vi menneske ikkje klarar å gjere berre godt, men at Gud elsker oss trass alle feilstega vi tar, så mykje at han ofra Jesus, sonen sin, som vann over døden og alle feilstega våre for å kunne ha fellesskap med oss. Vi har snakka om at livet kjem med både godt og vondt, og at vi kan få legge alt det vi ikkje får til, feiler med eller er sint, frustrert og lei oss for i Jesus sine «hender». Det er ikkje berre lett å formidle kjerna i trua på ein enkel måte, men vi opplever likevel at konfirmantleiren skapar gode minne og nysgjerrige «blikk» på tru og liv.

Konfirmantane sine bønner, som dei laga på «løypa» på laurdagen, var ein del av gudstenesta på søndagen. Det var veldig rørende og fint! Og det rører ein godt vaksen kateket, langt inn i hjarterota og heilt opp og ut av tårekanalen, når så mange konfirmantar syng høgt på «Velsignelsen» på slutten av gudstenesta.



Ida, Anna, Elisa og Emilie på ein av undervisningsstasjonane ute.

Leir er veldig moro! Det synest vi tilsette, og det synest ungdomsleiarane våre. Og kanskje er det dét som smittar over på konfirmantane. Det er så kjekt å få vera saman som team, og møte leikne, åpne, sjernerte, harmoniske, hormonelle, viltre, morsomme, aktive, kreative og fine konfirmanter over ei heil helg. Det er sjølvsgagt strevsamt òg, og vi er stuptrøytt når vi kjem heim, men det er ein utruleg fin arena å utøve konfirmantararbeid på. Minne vert skapt, både for oss og dei, som sit att lenge.

Vi har veldig fine konfirmantar, men vi må skryte av ungdomsleiarane våre. Vi har hatt mange ungdomsleiarar med oss på leir dei siste åra. Men i år var dei aller fleste fjorårskonfirmantar (!). Vi har nokre stødige eldre ungdomsleiarar som dei støttar seg på, og dei er særst viktige. Men det er likevel veldig imponerende korleis desse unge leiarane tek ansvar og oppgåver på «strak arm», held ut sjølv om dei er trøytt, og gode med kvarandre og konfirmantane, inkluderer og set grenser.

På kveldane går ungdomsleiarane våre i grupper rundt på romma til konfirmantane, der dei har rolege godnattpratlar, sjekker at dei har det bra, snakkar om tankar og forventingar til leiren og får til samtalar som ikkje vi vaksne får til. Vi opplever at både konfirmantar og ungdomsleiarar har glede av dette.

Det er verkeleg ein stor, viktig og verdifull del av det å lage eigen konfirmantleir, å ha med ungdommar som leiarar. Det fører til at vi vaksne blir ekstra motiverte, held ut og strekker oss litt lengre. Så tusen, tusen takk til årets konfirmantleir-ungdomsleiarar!

Tekst og bilete: Gro Helen Blindheim Skjælaaen

Mathea i godt selskap i sofaen



KONFIRMANT*



Konfirmant 2027?

Velkomen til konfirmasjon i Os kyrkjelyd! Vi trur du har mykje å glede deg til!

I konfirmasjonstida får ungdommar lære mykje spennande om seg sjølv, om tru, om Gud og den verda vi lever i. Dei kan glede seg til å bli ein del av eit godt fellesskap.

Infomøte er onsdag 3. juni
Påmelding på nett opnar 7. juni

Meir informasjon kjem i brosjyra som blir sendt ut til alle døypte i slutten av mai, og fåast òg på Tunet.

Spørsmål? Ta kontakt med kateket Gro Helen Blindheim Skjælaaen (gs234@kyrkja.no)



DEN NORSKE KYRKJA
Os kyrkjelyd

Laurdag 2. mai

Nore Neset kyrkje

Kl. 10.15

Emilie Andrea Eriksen Birkenes
Helena Canizares Lyssand
Henrik Mathias Lyngsgård
Kristian Lyssand
Lucas Myksvoll Olufsen
Mateo Kjetland Flatråker
Mina Østgulen
Tobias Waldersnes Tøsdal

Kl. 12.00

Arn Emil Grytøyr
Eline Bjåstad
Elizabeth Dawn Edwards
Emma Sofie Føleide
Eva Vangsnes Sælen
Johannes Reis Skeie
Johannes Sørstrønen Vikøy
Jonathan Lunde Espeland
Julie Birkeland-Befring
Liam Dørmænen Wasmuth
Linas Engelsen Dalhaug
Luke Simm Hjartholm
Sara Lyssand
Sofie Røed Vargervik

Kl. 13.45

Ingrid Jørgensen Drange
Levi Lekven
Magnus Haldorsen Bakke
Malene Walløe
Matheo Butz Rokkones
Maya Oma Haugland
Natalie Garvik Soldal
Nathalie Hauge
Patrik Heggland Hjelle
Tanita Arentzen Lohne
Victoria Gjøsund Hovland



Sundag 3. mai

Os kyrkje

Kl. 10.15

Aksel Nøkland
Andre Kalsund Tvedt
Andreas Nylund Pettersen
Christian Villanger Lekven
Daniels Svans
Isak Elvsveen Frøyset
Kjartan Malmedal Birkeland
Mathias Vaage Lura
Nabek Milkissa Chimdessa
Sander Lundervik
Sophie Dahl Brekkeflat
Tonje Hordnes Andersen
Ulrik Nygard

Kl. 12.00

Adele Hausberg
Anna Vevatne Myhre
Anne Sofie Fosså
Athene Undheim Waage
Christoffer Klokkernes Obstfelder
Emilie Midtbø Haugvaldstad
Emma Charlotte Cenal Økland
Helena Bakke-Mjelde
Henrik Søfteland-Larsson
Henrik Hetlevik Halland
Jakob Egge Søviknes
Julie Røysland
Kristian Stangeland Lunde
Leander Dahlberg
Liam Færøy-Hansen
Ludvik Våge Fosså
Madeleine Sande Berge
Mariell Bøe
Marius Torsvik Dahl
Max Vik
Paul Martin Sælen
Snorre Nilsen Dāvøy
Sondre Døsen Dahl
Tiril Bagger Aarvik
William Mannsåker Hisdal

Kl. 13.45

Adela Øren Eide
Adrian Kristiansen Eiken
Alexander Høiberg Kittelsen
Alexander Lande Faller
Ava Gjerde Sunde
Axel Kolstad Bogevik
Caroline Tyse Hatlem
Eirik Midttveit Karlsen
Emma Eikrem
Hannah Eline Amundsen Forstrønen
Ivan Gabriel Larsen
Jonathan Vikne Hjelmervik
Josephine Nytræ
Lars Magnus Lyngsgård-Monsen
Martin Øvreeide Høvdning
Maya Vikøren
Mia Aleksandra Piliszko
Mikal Helland
Ronja Elizabeth Rosslund Aamodt
Simen Langhelle Lien

Laurdag 9. mai

Os kyrkje

Kl. 10.15

Ada Amalie Sletten Råheim
Alecc Johan Søviknes
Anna Forthun Husebø
Christoffer Hauge-Skarlo
Emma Christina Bjelland
Erik Ottosen
Helene Benedicte Førde
Jewel Nicole Raguindin
Josefine Barman Teige
Kine Lindborg Alvær
Leah Selin Pedersen
Leon Haga Verket
Madeleine Skare Robertsen
Magnus Eidem Sandvik
Mathea Dyngeland
Mia Evina Klepsvik
Niklas Svendsen Lindborg
Patrick Bergesen
Sanna Sørvik Bøthun
Sofie Kvangardsnes
Thea Emilie Senneset
Tobias Heldal Elvenes
Ulrik Kvinge

Kl. 12.00

Alina Lyssand Oseth
Amalie Nordtveit Rekkum
Benjamin Birkelid Monsen
Brage Andre Drange Haukeland
Dorthea Boge-Torsvik
Eline Haddal Spangelo
Elisa Lund Smedsvig
Hanna Marie Ognedal Berge
Herman Ødegård Schnelle
Håvard Rosvold Frotveit
Ida Oltedal Lunde
Ingvild Skaatun Hergum
Johannes Fjeld Skulstad
Jonas Kvamme Refsdal
Karolina Marie Olsen
Kristoffer Fønnes
Lars Hernes Havåg
Magnus Lekven
Mariel Linden Nesse
Mathias Lyssand Aasen
Mathias Sandnes
Mathilde Eide Høviskeland
Maximillian Hjelvik Stangeland
Noah Evensen
Nora Aadland
Odin Haugland Rognan

Kl. 13.45

Adrian Bjoarvik
Alva Margun Jensen
Ea Isadora Angeltveit Nordeide
Elin Mitssem Samdal
Elly Akosua Boatemaa Havsgård
Emma Drange
Emma Victoria Bach Lutro
Felicia Drange Svendal
Heloise Espeland
Jenny Johannessen Aasebø
Kevin Kristiansen Kyrkjeteig
Kristi Milde Helgesen
Kristianna Kleiven
Leon Halvorsrød
Linnea Lepsøe Halsvik
Ludvik Lund Bertheussen
Maren Søgner
Mie Skromme
Nora Berge Steinsland
Solveig Bjerkvig
Sondre Heidal Haugland
Sophia Sætre Heggen
Sylvia Schroth Eyjolfsdottir
Tobias Emil Bach Lutro
William Henriksen Røstbø
Åsa Askeland Rosvold

Sundag 10. mai

Nore Neset kyrkje

Benjamin Osli Mikalsen
Casper Nathaniel Solesvik-Karlsen
Dennis Solvang Dale
Fredrik Indrøy
Frida Hjertholm Rød
Gabriel Nyløkken
Hans Jordalen
Helene Tangen Haugland
Henrik Einemo Thuen
Isabelle Øvreeide Nordstrønen
Madelen Tveiten Askvik
Malene Kidøy
Viljar Starheim Thunold



Til lukke med den store dagen, og Guds signing over framtida!

Napp ut og heng opp!

Vårkalender Os kyrkjelyd

MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LAURDAG	SUNDAG
23 <i>mars</i> Speidaren	24 Open barnehage Babysong <i>Tunet</i> Os 09.45 Skulegudsteneste Seniortreff <i>Nore Neset kyrkje</i> Opplev påsken <i>Os kyrkje</i>	25 Strikk til <i>Tunet</i> JoinUs	26 Babysong <i>Nore Neset</i> Senior-Koinonia Språkkafé KOReDu	27 KRIK Os Aktiv Klubben	28	29 Palmesundag Os 11
30 Påskeferie	31	1 <i>april</i>	2 Skjærtorsdag Lurane <i>tunet</i> 11 NN 19 Kveldsmat <i>Nore Neset</i>	3 Langfredag Os 12	4	5 1. påskedag Os 11
6 2. påskedag Smievågen 12	7 Open barnehage Babysong <i>Tunet</i> Seniortreff <i>Nore Neset kyrkje</i>	8 Strikk til <i>Tunet</i> JoinUs	9 Babysong <i>Nore Neset</i> Senior-Koinonia Språkkafé KOReDu Kveldsbøn <i>Os kyrkje</i>	10 Klubben	11	12 Årsmøte i Os sokn 12.30 <i>Os kyrkje</i> Ungdomsgudsteneste 18 <i>Tunet</i>
13 Sorggruppe Speidaren	14 Open barnehage Babysong <i>Tunet</i>	15 Strikk til <i>Tunet</i> JoinUs	16 Babysong <i>Nore Neset</i> ShubaDubs KOReDu	17 KRIK Os Aktiv JoinUs Vårkonsert	18	19 Os 11 Ervikane 11 FamilieKRIK Os Aktiv Søndagssamling
20 Sorggruppe Speidaren	21 Open barnehage Babysong <i>Tunet</i> Seniortreff <i>Nore Neset kyrkje</i>	22 Strikk til <i>Tunet</i> JoinUs	23 Babysong <i>Nore Neset</i> Senior-Koinonia Språkkafé KOReDu	24 KRIK Os Aktiv	25	26 Os 11 Musikal-konsert KOReDu Aldri Åleine Pizza & Bibel
27 Sorggruppe Speidaren	28 Open barnehage Babysong <i>Tunet</i>	29 Strikk til <i>Tunet</i> JoinUs	30 ShubaDubs KOReDu	1 Arbeidardagen <i>mai</i> KRIK Os Aktiv	2 Os 10.15 + 12 + 13.45	3 Os 10.15 + 12 + 13.45
4 Sorggruppe Speidaren	5 Open barnehage Babysong <i>Tunet</i> Seniortreff <i>Nore Neset kyrkje</i>	6 JoinUs	7 Senior-Koinonia Språkkafé KOReDu	8 KRIK Os Aktiv	9 Os 10.15 + 12 + 13.45	10 Os 19 NN 12
11 Sorggruppe Speidaren	12 Open barnehage Babysong <i>Tunet</i>	13 JoinUs	14 Kristi himmelfartsdag NN 11 Kveldsbøn <i>Os kyrkje</i>	15 KRIK Os Aktiv	16	17 Grunnlovsdag Os 10 17. mai-kafé <i>Tunet</i>
18 Speidaren	19 Open barnehage Babysong <i>Tunet</i> Seniortreff <i>Nore Neset kyrkje</i> Prosjektkor <i>Os kyrkje</i>	20 JoinUs	21 Språkkafé KOReDu	22 KRIK Os Aktiv Klubben	23	24 1. pinsedag Os 11
25 2. pinsedag Lysekloster kapell 11 Ungdomsgudsteneste 18 <i>Tunet</i>	26 Open barnehage Babysong <i>Tunet</i> Prosjektkor <i>Os kyrkje</i>	27 JoinUs	28 KOReDu	29 KRIK Os Aktiv	30	31 Os 11 Søndagssamling Aldri Åleine Pizza & Bibel
1 <i>juni</i> Speidaren	2 Open barnehage Babysong <i>Tunet</i> Seniortreff <i>Nore Neset kyrkje</i> Prosjektkor <i>Os kyrkje</i>	3 Infomøte for konfirmantar 2027	4 Språkkafé KOReDu	5 KRIK Os Aktiv Klubben	6	7 Os 11 Os 11 FamilieKRIK Os Aktiv
8	9 Open barnehage Babysong <i>Tunet</i> Prosjektkor <i>Os kyrkje</i>	10	11 Kveldsbøn <i>Os kyrkje</i>	12 KRIK Os Aktiv	13	14 Os 11 Folketonemesse Ungdomsgudsteneste 18 <i>Tunet</i>
15	16 Open barnehage Babysong <i>Tunet</i> Seniortreff <i>Nore Neset kyrkje</i>	17	18 Os 18 Regnbogegudsteneste	19	20	21 Os 11
22	23	24 Skapingsdagane	25 Skapingsdagane	26 Os 14 Skapingsdagane	27	28 Os 11

Aktivitetane foregår i Tunet om ikkje anna er nemnt. Sjå nettsida www.kyrkja.no/os for oppdateringar, detaljar og påmelding!



Det viktigste stedet i Norge er Bjørnafjorden

Eiendomsmegler Vest og Sørmegleren er nå Eiendomsmegler Norge. Sammen skal vi bygge Norges beste eiendomsmegler.

Og for oss vil Norges viktigste stedet alltid være der vi jobber. Stedet der du bor.

Skal du selge eiendom? Kom innom kontoret vårt i Os sentrum.



Daniel Røksund
Tlf.: 938 26 432
daniel.roksund
@emvest.no



Arild Lothe
Tlf.: 412 66 620
arild.lothe
@emvest.no



Pål Huun Monsen
Tlf.: 952 65 865
pal.monsen
@emvest.no

Eiendomsmegler Norge

emnorge.no

Påtroppande pensjonistar



Svante har vore prostiprest i Fana prosti, men tilknytt Os sokn som arbeidsstad sidan 2019. Til sommaren gir han seg i jobben og mønstrar på som pensjonist. Korleis kjennest det?

Eg har utruleg nok vore her i sju år til sommaren – det kjennest kortare. Det er jo rart å skulle slutte som prest i Os. Og ikkje minst det å skulle kalle seg pensjonist – det må eg innrømme kjennest litt absurd. Så syns eg nok ikkje at utøvinga av presteembetet er ein dans på roser. Det er ein arbeidsrytme og ei personleg involvering i eit slikt arbeid som eg opplever til tider som ganske slitande. Det er heller ikkje noko hemmelegheit at eg har vore usamd i fleire sider av kyrkja sitt sjølvbilde og teologi. Så eg kjenner jo også på eit lette ved å gå av som prest.

Kan du trekkje fram eit høgdepunkt frå arbeidstida di her, eller noko av det du har arbeidd med?

Eg veit ikkje om eg kjem på ekstraordinære enkelthendingar sånn på sparket. På mange måtar er det kanskje arbeidskvardagen sine meningsfulle møte med menneske som lyser mest. Å bli vist mykje tillit frå medmenneske i avgjerande situasjonar i livet gjev meg djup mening og audmjukheit. Arbeidet med Søndagssamlingane og dei faste deltakarane der er også noko som har gitt meg stor glede.

Kva kjem du til å sakne frå arbeidskvardagen?

Eg er glad i språk – og har funne stor mening og glede i arbeidet med bibeltekst, preiketekst og forkynning. Dette forstår eg som ei av hovudoppgåvene eg har som prest. Og å kunne formidle evangeliet – også dei vanskelege sidene ved kristenlivet – på ein enkel men ikkje banal måte, syns eg er interessant, meningsfullt og viktig. Det må også seiast at eg har hatt ein del av tenesta mi i Fusa. Det har vore ei flott å treffe folket der. Og dei har fine vegar til å køyre litt for fort på. Eg skulle gjerne tatt meir tid til utøving av musikk i kyrkja. Eg har hatt glede av å samarbeide med gode organistar og andre musikarar. Framføringa av Norvald Kobbeltveit si folketonemesse som liturg og prest var stas. Og kvardagen er jo i stor grad samarbeid med kollegaer og medarbeidarar – eg kjem heilt klart til å sakne dei daglege møta med medarbeidarar som over tid nesten blir som familie.

Har du nokre planar for tida framover?

Sånn med ein gong blir det vel som vanleg diverse bygge- og reparasjonsprosjekt i heimen – og det å nyte ei uendeleg mengde med frihelg saman med familien. Eg kjem ikkje til å bli ein gjengangar som vikar i gravferder og gudstenester i Os. Planane vidare er under arbeid og ikkje fastlagde. Noko fromt, og noko ikkje like fromt. Kven veit kva som kan skje om ein vågar å sleppe Gud til.



Inger-Johanne Haugland møter deg smilande i resepsjonen på kyrkjekontoret, svarer ofte på telefonen, og ser til at TUNET er i god stand og klart til bruk. Alt saman med ein energi som langt yngre kolleger iblant kan misunne ho. No er det likevel berre få månadar til pensjonist-tilværet. Kva no?

Korleis er det å bu seg på tida framover, Inger-Johanne?
Det føles rart og litt skummelt. Eg er nok veldig spent på korleis kvardagane vil bli.

Korleis har det vore å ha så mange ulike roller i staben?

Interessant og lærerikt! Særleg gjevande med frivilligkoordinatrolla, der kom eg i kontakt med så mange ulike og flotte folk. Eg lærte jo mykje om kyrkja, men også om samspelet mellom prestane og kyrkjelyden. Eg skulle bemanne gudstenestene med frivillige medhjelparar kvar søndag. Det var så kjekt, eg lærte at det er viktig at folk får gjere det dei ønskjer. Enkelte likar oppgåver der ein ikkje er så synleg, andre likar å lese tekst og har kompetanse som dei då får brukt. Somme likar den sosiale biten, det å komme ut og treffe folk og samstundes få seg ein tur i kyrkja. Og så vil eg trekke fram dei som kan spesifikke fag, som er ein fagleg ressurs vi ikkje hadde klart oss utan i kyrkja og TUNET. Eg er framleis full av beundring for dei alle!

Har du eit høgdepunkt frå arbeidstida di her?

JoinUs fylte 40 år i 2017. Då var mange JoinUs'arar i alle aldrar samla til eit gedigent kor-arrangement, og vi sang gamle songar så kyrkjetaket "løfta seg". Vi danna tre kor, frå ulike epokar, som øvde kvar for seg utover dagen, også på felles songar. Så var det "Gospelnight" i kyrkja og sosialt arrangement i Storsalen om kvelden med mykje god mimring.

Kva kjem du til å sakne frå arbeidskvardagen?

I resepsjonen får eg brukt mine sosiale evner i møte med folk, leige ut TUNET og halde orden på annonser og kunngjeringar. I dette ligg det mykje kommunikasjon med kollegaer og andre. Det synes eg er fint. Heilt til no har eg organisert minnesamværa - takkemd er det eg føler - for kvar einskild i teamet som gjer at kyrkjelyden kan tilby osingane å halde minnestund i TUNET. Samhaldet og samarbeidet med dette teamet er vel det eg tenkjer mest på i desse dagar.

Når dei som arbeider ute kjem inn til lunsj er det som om sola kjem inn, synes eg. Dei er varme, svoltne og tørste - det er noko rørende ved dette. Kan hende er det min oppvekst på gard som gjer at eg ser dette og at det gjær inntrykk på meg. Men ofte spring eg og tek telefonen og møter folk i resepsjonen og viser fram TUNET i pausa òg. Så er lunsjen over før eg får sukk for meg.

Har du nokre planar for tida framover?

Nei, det er det som er litt skummelt. Men eg synes at no er tida komen for å takke for meg i staben. Eg kjem til å sakne veldig mange! Eg gler meg til besøk, vennetreff på dagtid, å sy, å lesa, å gjera hagearbeid, å sykle, å bruke tid med familien, ja, eg er tante og grandtante. Så eg håpar og trur at eg kjem til å nyte dagane.

Lukke til som pensjonistar, og stor takk for dykkar strålende innsats i kyrkjelydsstaben, Inger-Johanne og Svante!

GUDSTENESTENE

i Os kyrkjelyd



Os kyrkjelyd har eit mangfaldig og rikt gudstenesteliv og gudstenestetilbod. Vi har både egne ungdomsgudstenester, skulegudstenester og gudstenester på Luranetunet. Men først og fremst er det hovudgudstenesta på søn- og heilagdagane vi tenkjer på når vi snakkar om gudsteneste. Men og på søndagsgudstenestene våre er det mykje forskjellig. Gudstenestene går gjennom heile året med gudsteneste kvar søndag i Os kyrkje og om lag annankvar søndag i Nore Neset kyrkje, utan om sommarmånadene. Då har vi ikkje gudsteneste i Nore Neset kyrkje. Kva typar gudstenester har i kyrkjelyden vår på søndagar? Her får du ein liten oversikt.

Høgmesse

Høgmessa er den tradisjonelle gudstenesta med orgel og fast liturgi. På høgmessene har vi som oftast dåp, og nesten alltid nattverd. Det hender, særleg viss det er mange dåp i gudstenesta at vi ikkje har nattverd, men hovudregelen er at høgmesse=nattverd. Høgmessa er «malen» andre gudstenester går ut frå. Til dømes vil gudstenestene julaftan vera bygd opp over høgmessas liturgi, men utan dåp og nattverd. I Os kyrkjelyd er hovudregelen av til har høgmesse to av fire søndagar i Os kyrkje, og ein av to søndagar i Nore Neset kyrkje gjennom ein måned.

Bandgudsteneste

Bandgudstenestene er bygd opp på same måte som høgmessa, men er meir fri i forma. Musikken blir leda av eit lovsongsband, og dei liturgiske ledda blir utført i eit meir moderne musikals uttrykk. På nokre av bandgudstenestene er det dåp, og det er alltid nattverd. I bandgudstenestene vil vi og ha meir bønnevandring der vi brukar kyrkjerommet til bøn, meir enn ei tradisjonelle kyrkjebøn. Det siste året har bandgudstenestene hatt pause, men vi jobbar for at dei skal vera oppe å gå for fullt att hausten 2026. Bandgudsteneste er ein søndag i månaden i Os kyrkje frå september til juni.

Familiegudsteneste

To søndagar i månaden i skuleåret er det familiegudsteneste, ei i kvar av kyrkjene våre. Familiegudstenestene er særleg lagt opp for barn. Det er ofte dåp i familiegudstenestene, og av og til er det og nattverd. Men familiegudstenestene er forskjellig i Os kyrkje og Nore Neset kyrkje. I Nore Neset er konseptet "Messy Church", som du kan lesa om på side 23. I Os kyrkje følgjer vi ein meir tradisjonell form for familiegudsteneste med ein meir eller mindre fast liturgi. Men både liturgien, songane og preika er lagt opp med tanke på barn.



Fasade • Ventilasjon • Taktekking • Blikkenslagerarbeid

I.BJØRØ
KOBBER & BLIKK
- ETAB 1902 -

www.bjoroblikk.no post@bjoroblikk.no

56 300 481 Kolskogheiane 2, 5210 Os



Gudstenestemønster

Gudstenestelivet i kyrkjelyden er mangfaldig, og det er ikkje alltid lett å setja alt inn i eit mønster, men viss vi skal gjere eit forsøk på det, og seie at kvar måned har fire søndagar, kan følgjande skjema illustrera korleis gudstenestetilbodet er lagt opp for gudstenestene utanom sommarmånadene. I sommarmånadene vil det vera høgmesse kvar søndag i skulens sommarferie.

	Os kyrkje	Nore Neset kyrkje
1. søndag	Dåpsgudsteneste, høgmesse	
2. søndag	Familiegudsteneste	Høgmesse
3. søndag	Bandgudsteneste	
4. søndag	Høgmesse	Familiegudsteneste "Messy church"

Frivillig gudstenestemedhjelpar?

Ei gudsteneste er eit samarbeid mellom prest, organist, kyrkjetenar – og ikkje minst frivillige! Presten leiar gudstenesta, organisten spelar vakker musikk og kyrkjetenaren passer på at det tekniske og praktiske fungerer slik som det skal. Ei gudsteneste har også ei rekke oppgåver som vi treng frivillige til å gjennomføre - nokre av dei viktigaste er lista opp i neste spalte. Kanskje du kjenner på at dette kan vere noko for deg?



Kyrkjevert

Dei fyrste du møter når du kjem inn i kyrkja er kyrkjevertane. Kyrkjevertane ønskjer velkommen, deler ut salmebøker og svarer på spørsmål folk måtte ha. Her er ein som regel to og to saman. Ein kyrkjevert kan også ha andre oppgåver under gudstenesta, slik som å lese tekst eller hjelpe til med utdeling av nattverd.

Dåpsvert

Ein dåpsvert si oppgåve er å ønskje dåpsfamiliane velkommen, vise dei til rette og svare på eventuelle spørsmål undervegs. Under gudstenester med mange dåpsbarn, er det spesielt praktisk å ha eigen dåpsvert på plass i kyrkja.

Tekstlesar

Under ei gudsteneste er det som regel en del høgtlesing frå Bibelen. Det er kjekt å variere mellom kven som les, slik at presten ikkje les alt. Denne oppgåva kan kombinerast med andre oppgåver, som å vera kyrkjevert, nattverdsmedhjelpar eller kyrkjekaffivertskap.

Nattverdsmedhjelpar

Som nattverdsmedhjelpar hjelper du presten med utdeling av nattverd. Denne oppgåva kan kombinerast med andre oppgåver, som å vera kyrkjevert, tekstlesar eller kyrkjekaffivertskap.

Kyrkjekaffivertskap

Etter gudstenesta er det ofte duka for kyrkjekaffi – ein uformell, lågterskel og gratis møteplass som er open for alle. For å kunna halda oppe tilbodet om kyrkjekaffi, treng me vertskap. Her er ein som regel to og to saman. Du skal setja på kaffi, dekkja opp enkelt og ønskja velkommen. Rigging og rydding av bord og stolar slepper du, så det er ikkje ei tung oppgåve.

Har du lyst til å vere med på laget?

Nokre frivillige ønskjer å ha éi oppgåve, andre frivillige liker å ha fleire – begge deler er mogleg! Kor ofte du ønskjer å vere med som frivillig er også valfritt. Det kan være ein gong i månaden eller ein gong i året - eller noko midt i mellom. Å være frivillig gudstenestemedhjelpar er ei fleksibel frivillig-teneste som passer godt for de fleste. I kyrkja er alle velkommen, og det same gjeld dei frivillige – kom som du er!

Ta kontakt med frivilligkoordinator Ine på e-post im763@kyrkja.no om dette høyrer ut som noko for deg!

Tekst: Roar Hallesby Evjedal og Ine Sofie Moen

Nytt frå fellesrådet: TID FOR OMSTILLING

Dei siste åra har vi alle fått merke korleis høgare prisar på nær sagt alt i samfunnet tærer på lommeboka. Det rammar oss som einskildpersonar, men også bedrifter og kommunar. Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd er òg råka av dette.

Nær sagt alle utgiftene våre – som straum til å varme opp kyrkjene, tenester innan økonomi og IKT, lønningar, pensjonsutgifter og mykje anna – har auka svært mykje. Samstundes heng økonomien i fellesrådet tett saman med økonomien i Bjørnafjorden kommune. Medan økonomien i sokna er avhengig av eigeninntening og gåveinntekter for å drive aktivitet, er fellesrådet avhengig av midlar frå kommunen for å løne dei tilsette i sokna og ta vare på kyrkjene og gravplassane våre.

Den dårlege økonomien i kommunen påverkar òg oss, og har ført til at fellesrådet dei siste åra har vore nøyde til å vedta budsjett der vi brukar av fonda vi har bygd opp for å gå i balanse. Samstundes har vi søkt kommunen om meir midlar. I budsjettet for 2025 vart det understrekt at dersom vi ikkje fekk ein auke i løyvingane for 2026, ville vi måtte ta drastiske grep. Vi var glade for at kommunen kompenserte for løns- og prisauke, og at ein fann rom for investeringsmidlar til nytt bårhus på Nore Neset i 2026 og ein driftsbygning i Fusa i 2027. Det vart likevel ikkje gitt nokon auke i løyvingane elles, og dette vil få store konsekvensar for budsjetta framover.

Det vedtekte budsjettet for 2026 er difor svært stramt. Det er innført tilsetningsstopp, og vedlikehald av kyrkjer og gravplassar er kutta ned til eit minimum i år. Vi har vedteke eit budsjett i balanse, men er avhengige av å bruke det som står att på fonda. Fram mot 2027 må vi difor kutte om lag 3 millionar kroner for å sikre ein forsvarleg drift. Det er vanskeleg å sjå for seg at vi kan finne så store kutt utan å måtte vurdere omorganisering og nedbemanning i stabane. Dette gjer at tida framover blir krevjande, særleg for dei tilsette og for sokna.



↑ På Os kyrkjegard blir det i år eit prøveprosjekt med robotklipparar levert av Jernia Sælen.

Eg er trygg på at vi allereie har nøktern drift, med god kontroll på ivaretaking av kyrkjebygga og gravplassane våre. Tilsette er kreative og finn stadig løysingar som sparer både oss og kommunen for store utgifter. Til våren skal vi til dømes, i samarbeid med Jernia Sælen, teste ut robotklippar på Os kyrkjegard. Dette er eit spanande prosjekt som kan bli aktuelt å nytte på andre gravplassar seinare òg.

Kyrkja er ein av dei største samfunnsaktørane i Bjørnafjorden. Vi skaper uvurderlege møteplassar for barn, unge, familiar, vaksne og eldre. Vi engasjerer fleire hundre frivillige i alle aldrar i meiningfulle tenester. Vi tek vare på nokre av dei viktigaste kulturbygga i kommunen – kyrkjer som gjennom århundre har representert tilhøyrsløse i lokalsamfunnet og markert livets overgangar for generasjonar av menneske. Vi sikrar eit verdig gravtilbod for alle bjørnafjordingar, uavhengig av tru. Dette er vi stolte av, og det skal vi halde fast ved.



Jon Håkon Øen
Kyrkjevevjerje i Bjørnafjorden
jo633@kyrkja.no

 **DEN NORSKE KYRKJA**
Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd

Nettside
kyrkja.no/bjornafjorden

Kontakt
Tlf: 56 57 24 00 | E-post: post.bjornafjorden@kyrkja.no

Fellesrådsleiar
Per Gunnar L. Oseng
E-post: perg43@hotmail.com

Kyrkjevevjerje
Jon Håkon Øen
Tlf: 91 83 66 28 | E-post: jo633@kyrkja.no

Messy Church + DEG = SANT!

Messy church i Nore Neset er ei gudsteneste for heile kroppen og for alle aldrar. Her er rom for deg med bein som treng å løpa litt, og for deg som helst vil sitje. Her kan du kome med låge skuldrar, du som er ny i kyrkja, og du som har vore her før.



Først samlast vi til lystenning, song og bøn – og kanskje er det dåp? Vi får dessutan høyre ei forteljing om Jesus.

Så med eitt blir kyrkjerommet ein plass for leik og ulike prosjekt. Kan hende nokre spring ut ein tur? På kjøkenet og i våpenhuset er aktivitetsnivået høgt. Dei eldre hjelper dei yngre – eller er det omvendt? Dei minste har eigen tumleplass attmed orgelet, og på borda bak i kyrkja går praten livleg.

Når vi høyre orgelet bruse er det tid for å samlast i kyrkjerommet. Og då skjønar vi vonleg at aktivitetane heng saman med forteljinga om Jesus. Vi ser på det vi har laga. Og vi gler oss over Guds gode kjærleik – og syng: «Visste du at du er sjølv skatten til Gud?»

Etter velsigninga og tre gonger tre klokkeslag er det tid for nok eit høgdepunkt: KYRKJEKAFFI!

Vel møtt til ei gøy gudsteneste – neste sjanse er **19. april og 7. juni!**

*Tekst: Sylvi Lundgren
Foto: Sigurd Rotvik Tunestveit*

MUSIKK I KYRKJA

Musikk er ein viktig del av livet, òg i kyrkja! Kom og opplev spennande, inspirerande og levande musikk, anten i gudstenester, konsertar i kyrkjene eller i Storsalen i Tunet. Jamnleg står anten musikkutvalet eller ei anna av gruppene i kyrkjelyden bak noko som er vel verd å få med seg! Nokre arrangement vil vera gratis, medan der det er billettsal vil dette koste kr. 200,- for vaksen, kr. 150,- for honnør, kr. 100,- for student/elev og gratis for born under 16 år. Billettar kan vanlegvis kjøpast i døra, gjerne med betaling via Vipps.

Velkommen på konsert!



Irina Tarasova
Kantor
it698@kyrkja.no

I månadane som kjem kan du mellom anna oppleve:

**Fredag 17. april kl. 19.30, Storsalen i Tunet
Vårkonsert med Join Us**

**Søndag 26. april kl. 17.00, Storsalen i Tunet
Musikalen "STÅ OPP" med KOREdu**

**Tysdag 12. mai kl. 18.00, Nore Neset kyrkje
Konsert med songarar**
Toril Myklebust Lie, Marius Dale Romslo,
Sigurd Rotvik Tunestveit med fleire

**Torsdag 4. juni kl 17.30, Nore Neset kyrkje
Akustisk konsert med Kongshaug-elevar**

**Søndag 14. juni kl. 11.00, Os kyrkje
Folketonemesse**
med musikarar - bli med i prosjektkoret!

STØTT VÅRE ANNONSØRAR!



Os Gravferdsbyrå as

Døgntelefon
56 57 49 50

Jorunn Moberg
Agnethe Øvreeide

Vi utfører alt det praktiske, eller legg til rette for pårørende som ønsker å gjera noko sjølve. Ope etter avtale. Brugata 50, Os.

www.osgravferdsbyraa.no



Drangsvegen 345
5215 Lysekloster
Tlf. 56 57 00 50
post@drangebruk.no

GRAVMINNER
Stor salgsutstilling av nye monumenter
Tilføyelser / Oppussing

EIKNER 100år 2000

STEINRIKET
EIKNER NATURSTEIN
ULSMÅGVEIEN 27, NESTTUN
TLF. 55 98 70 00

TRAVELNET

OS REISEBYRÅ AS Boks 274, 5203 Os
Tlf. 56304300
e-post: os@travelnet.no | www.verden.no



Elektro-Design AS
AUT. ELEKTROINSTALLATØR

Trenger du en elektriker?
Ta kontakt med Geir Skarding:
Mob. 91129784

Strønevegen 49, 5217 Hagavik, elek-3@online.no

DRENERING • MURING • SPRENGING



BOTNEVIK

Alt innen graving og transport

Ring Olav på 924 60 307
Bård A. på 951 13 187

TRANSPORT AV MASSER • GRUNNARBEID

KVALITET!
Verktøy, maskiner og redskap for HUS OG HAGE

PM Sælen & Co AS
Tlf. 56 30 44 90

JERNIA
www.jernia.no

OS HAGESERVICE
alt innen hage

Vi lager hageplan, murer, legger stein, lager plen og planter busker og trær.

56 57 66 77 99 00 80 80
www.oshageservice.no

Os kyrkjeblad trykkast i over 9800 eksemplar og sendast m.a. til alle heimar i Os.

Di annonse HER?

Informasjon og prisar:
post.os@kyrkja.no eller
telefon 56 57 24 00

FRÅ SOKNERÅDET

Kjære alle saman! Det har vore nok eit innhaldsrikt år i Os kyrkjelyd. Det går an å seia at det har vore eit år for store markeringar og særskilde hendingar: Vi har feira 80 års jubileum i speidaren, 25 års jubileum for Nore Neset kyrkje, og vi har hatt bispevisitas med flerie gode arrangement saman med Biskop Ragnhild Jepsen! Rekord for oppslutninga rundt arrangementet «Lys vaken» vart det også, med over 80 sjetteklassingar som koste seg i kyrkja vår! Det har vore svært gjevande å få vera med å ta del i dette, og eg har mange gongar dette året fått kjenna på stolthet og glede for kyrkja vår.

Kyrkjeåret har også handla om så mykje meir enn desse store hendingane. Kvar einaste veke vert det lagt ned ein kjempestor innsats både av staben i kyrkja og av alle dei frivillige for at kyrkja skal gje eit godt tilbod til menneska i kommunen vår, og for å følga visjonen vår som er «Nær Kristus, nær kvardagen, nær kvarandre».

Nokre endringar i staben har òg ført til endringar i soknerådet. Som følge av tilsetting som kyrkjevevjer fekk Jon Håkon Øen fritak frå sitt verv i soknerådet. Olav Emil Tennefoss Vatshelle har dessutan søkt og fått fritak frå soknerådet ut perioden. Han var òg representant i fellesrådet, og det vart dermed behov for ein ny representant der. Dermed gjekk Per Gunnar Oseng frå nestleiarvervet i soknerådet til ny leiar for Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd, etter at Lars Erik Dalland frå Fusa har vore leiar dei siste par åra. Espen Haga vart ved valet i november valt inn som ny nestleiar i soknerådet. Dermed sto to plassar i rådet ledig, og varamedlemmane Malin Nøss Vangsnæs-Weaver og Inger Botnevik er no faste medlemmar. Eg er takksam for at vi har så mange gode folk i soknerådet at vi kan fylla dei ulike verva på ein så god måte, også når det skjer endringar.

Dei viktigste sakane for soknerådet dette året har vore dei naudsynte utbetringane i Tunet og arbeidet med ny overordna strategiplan. Den krevjande kommuneøkonomien får også konsekvensar for kyrkja, då trange økonomiske rammer skapar store utfordringar for arbeidet med Tunet. Generøse gåver frå kyrkjelyden er vi veldig takksame for!

Vi vil i tida som kjem sjå på alternative finansieringsløyningar slik at vi kan ta vare på Tunet, som er ein base for mykje av aktiviteten til kyrkja. Arbeidet med strategiplanen har gjeve rom for å skapa tettare relasjonar og band mellom soknerådet og staben i kyrkja. Vi har hatt fleire gode samlingar saman kor vi også har arbeidd i grupper med visjonen vår «Nær Kristus, nær kvardagen, nær kvarandre», og nærast plukka denne ned i mindre molekyl slik at vi saman kan gripa kva denne faktisk rommer, og korleis den kan bli levande for soknet vårt gjennom det arbeidet som kyrkja gjer. Slik kan vi også sikra at strategiplanen er i tråd med vår visjon.

Vi har eit godt sokneråd i Os sokn, som eg er stolt over. Vi er imidlertid over halvvegs i dette soknerådet sin periode, og det er nytt val i 2027. I samband med dette ønsker eg å nytta høvet til å utfordra til å tenkja på om du eller nokon du kjenner ønsker å stilla til val og vera med i vårt viktige arbeid. Mi erfaring er at å vera med i soknerådet tilbyr fellesskap og tilhørse. Vi som er i soknerådet kjem tettare på aktivitetane i kyrkja og vert ofte inkludert og bede om å delta. Det har gjeve mange fine opplevingar. Om du ønsker å vera med i soknerådet, eller om du ønsker å vera med å delta som frivillig i kyrkja er du velkommen til å ta kontakt. Vi har bruk for deg og i vårt fellesskap i Os kyrkje er det godt å vera!

Til sist vil eg nytta høvet til å dela eit lite ord frå Bibelen som har blitt viktig for meg, som ei helsing til oss alle inn i påsketida: Når eg er ute og går på tur legg eg merke til dei vakre snøkløkkene som har kome opp frå bakken. Då vert eg minna om ordet frå Jesaja 43, 19. «Sjå, eg skaper noko nytt. No gror det fram, merkar de det ikkje?» Som menneske kan me i periodar gå oss litt tomme. Det er ikkje alle dagar, alle relasjonar eller alle situasjonar som er like enkle. Dette ordet frå Jesaja handlar om Guds løfte om fornying og håp. Jesus kan og vil skapa noko nytt i oss om me er opne for det, og han går med oss i prosessen medan det gror og spirer fram. Riktig god påske!

Leiar Tone Steinsund Hagevik



Vil du vere med å forme kyrkja vår?

Vel møtt til ÅRSMØTE!

Os kyrkje SØNDAG 12. APRIL kl. 12.30

Framlegg av årsmelding og opent møte for innspel til vegen vidare. Håpar å sjå deg!

Os sokneråd

Gudstenesta - kyrkjelydens hovudsamling

Gjennom veka er det mange aktivitetar og møtepunkt for alle aldrar som skjer i kyrkjelyden, til dømes sorgruppe, senior koinonia, seniortreff, Join Us, Klubben, Aldri Åleine, Pizza og Bibel, Shubadubs, Koredu, babysang og mykje meir. Men viktige som alle disse møtepunkta er det søndagsgudstenesta som er kyrkjelydens hovudsamling. Slik har det vore så lenge det har vore ei kyrkje. I apostelgjerningane les vi om den første kyrkjelyden i Jerusalem at *Dei heldt seg trufast til læra frå apostlane, til fellesskapet, brødsbrytinga og bønene*. Dette er gudstenesta kort oppsummert, og slik har gudstenesta meir eller mindre vore bygd opp sidan den gongen, gjennom det mange av oss lærte som "dei fire B'ane": Bibel (Læra frå apostlane), Brorskap (Fellesskapet), Brødsbryting (nattverd) og Bøn.

Dei fleste aktivitetane vi har i kyrkjelyden gjennom veka er aldersspesifikke. Det er viktig å leggja til rette for at vi kan møte likesinna (og likeusinna, viss det er eit ord) på same alder, og byggja felleskap. Men gudstenesta er kva eg vil kalla generasjonsuavhenging. *Kyrkja er forsamlinga av dei truande der evangeliet blir lært reint og sakramenta forvalta rett*, blir det sagt i Den augsburgske vedkjenninga, eit av dei viktigaste dokumenta frå reformasjonen og eit av Den norske Kyrkjens vedkjenningsskrift. alder,

Forsamlinga av dei truande er ei forsamling som går over alle grenser, både over generasjonsgrenser og kulturelle grenser. Sjølv har eg vore på gudsteneste i Japan og følt meg heilt heime, til tross for at eg ikkje forstod eit kløyva ord av kva som blei sagt, men fordi eg kjende att dei fire B'ane i gudstenesta. Det var forsamlinga av dei truande som var samla. Det var unge og gamle der, og nokre nordmenn (rett nok var to av oss som var der dei som hadde starta den aktuelle kyrkjelyden og vore med å reisa kyrkjebygget, og éin var døypt i den aktuelle kyrkja 45 år tidlegare). Vi var samla der rundt Guds ord og Guds bord, slik vi òg samlar oss til gudsteneste i våre kyrkjer her i Os kvar søndag. Og det vil vi halde fram med.

Gudstenesta er kyrkjelydens hovudsamling, livlina i kyrkja der vi møtast i fellesskap for høyra Guds ord, motta nattverden, leggja alt fram for Gud i bøn, og bli sendt ut med velgivinga til teneste for Gud og medmenneska våre. I gudstenesta blir vi, og aktivitetane våre elles i veka, knytta saman som forsamlinga av dei truande. Velkomen til gudsteneste.



Roar Hallesby Evjedal
Sokneprest

Likar du å synge?

FOLKETONEMESSE

av Norvald Johan Kobbeltvedt
med prosjektkor og musikarar

Søndag 14. juni kl. 11
i Os kyrkje

Hjarteleg velkommen til fyrste kor-øving

TYSDAG 19. MAI

deretter kvar tysdag fram til messesøndagen
Generalprøve laurdag 13. juni

Koret leiast av dirigent Marius Dale Romslo
Musikarar leiast av kantor Irina Tarasova

Vi treng di stemme! Tek du utfordringa?

Irina Tarasova, Kantor

Epost: it698@kyrkja.no

Tlf: 474 50 606

Innsamla offergåver sidan 02.11.25

Dato	Takkoffer til	Beløp
02.11.25	MAF Norge	kr 4 742,-
09.11.25	LEVE - Landsforeningen for etterlatte etter selvmord	kr 7 871,-
16.11.25	Tunet	kr 10 167,-
23.11.25	Misjonsprosjektet	kr 10 410,-
30.11.25	Garden of Eden Kenya	kr 9 850,-
07.12.25	Søndagskolen	kr 8 162,-
14.12.25	Eigen kyrkjelyd	kr 8 611,-
24.12.25	Kirkens Nødhjelp	kr 70 076,-
25.12.25	Det Norske Misjonsselskap	kr 13 016,-
28.12.25	Stefanusalliansen	kr 4 798,-
31.12.25	Kirkens Bymisjon, Bergen	kr 4 208,-
04.01.26	Tunet	kr 4 721,-
11.01.26	Strømmestiftelsen	kr 11 295,-
18.01.26	Kristent interkulturelt arbeid	kr 8 700,-
25.01.26	Eigen kyrkjelyd	kr 4 985,-
01.02.26	Det Norske Bibelselskap	kr 6 599,-
08.02.26	Søndagskolen	kr 7 168,-
15.02.26	Tunet	kr 9 561,-
22.02.26	NLA	kr 3 470,-

Takk for gåvene!

Salmeskatten

Salme 179 - Velsignet vær, o Jesus Krist

1

Velsignet vær, o Jesus Krist,
din død har reddet mangen.
Du ble den rette Samson visst,
som slo den deg tok fangen.
Du bar på dine skuldre bort
den mørke port,
du uskadd er utgangen.

2

Av korset død de tok deg ned
og bar deg hen til graven,
du tok ditt stille hvilested
blant urtene i haven.
Derved du ble Guds grønne kvist
som blomstret visst,
og evig liv ble gaven!

3

Takk, Jesus, som mitt siste sted
vil med din hvile pryde.
Jeg skal en god og hellig fred
for din skyld engang nyte,
når man skal legge mine ben
blant torv og sten,
hvem tør min søvn da bryte?

4

Med deg skal da mitt legems mén
i graven lukkes inne.
Jeg skal oppreises klar og ren,
hver brist skal da forsvinne,
det gamle skal som røk forgå,
jeg opp skal stå
et bedre land å finne!

Teksten

Teksten til denne salmen er skreven av diktarpresten Petter Dass (ca. 1647-1707), som det meste av si tid som prest var sokneprest i Alstahaug i Nordland. Teksten er henta frå Petter Dass' dikt om Jesu liding og død i Katekismesangene og er skriva til leddet «...pint under Pontius Pilatus, død og gravlagd...» i den andre artikkelen i truvekjenninga. Teksten er knytt til långfredag/påskeaftan og er ein lovsong om Jesu død og oppstandelse, forstått som frelse for menneska. Salmen har opphavleg heile 25 vers, men i salmeboka vår er det med berre 4 vers.

I første strofe samanliknar Petter Dass med Samson (Dom 15,14f), som reiv seg laus frå filistrane og sigra over dei – eit bilete på Kristi siger over det som bind mennesket. Dette er einaste gongen Samson blir nemnd i Norsk Salmebok.

Andre strofe viser han til dei som tok Jesu kropp ned frå korset og gravla han (Matt 27,57ff). Uttrykket «Guds grønne kvist» peikar på nytt liv som veks fram gjennom Jesu død og oppstandelse.

Dei siste strofene er meir personlege og handlar om kva Jesu død og oppstandelse betyr for den truande. Døden blir beskriven som ei heilag kvile. Jesu eiga kvile i grava gjer alle gravstader til stader for fred, ikkje berre for nedbryting. Døden blir omtalt som «søvn», slik også Jesus (Matt 9,24; Joh 11,11ff) og Paulus (1 Tess 4,13) gjer.

Til slutt uttrykkjer salmen håpet om oppstandelsen: Svakheitene til kroppen blir liggjande i grava, men den truande skal reisast opp heil og rein, med håp om eit betre og evig heim (Hebr 11,16; Åp 21,4).

Melodien

Johan Varen Ugland (f. 1946) komponerte melodien i 1972 som del av koralkantaten Påskedagsintrotitus, skriva til Påskefestveka i Oslo. Verket vart uroppført i Uranienborg kyrkje i 1973 og gitt ut i 1976. Melodien kom inn i *Kristen song* (1975). Ugland er kyrkjemusikar, komponist og musikkteoretikar. Han har undervist, vore rektor og kantor fleire stader, mellom anna i Lund kyrkje i Kristiansand. Han har komponert ei rekkje verk for kor og orgel, inkludert messer og salmar, og er representert med fleire melodiar i Norsk Salmebok.



Irina Tarasova

Kantor
it698@kyrkja.no

NMS GJENBRUK OS

MILJØ, MØTEPlass & MISJON

Opningstider: Måndag stengt, tysdag-fredag 11-17, laurdag 11-15

Her finn du det meste - til ein rimelig pris!

Velkommen til ein spanande butikk i Irisgården, vis á vis Interiøren v/OsSelvarnaustet. Tlf. 404 45 421

Vi treng fleire medarbeidarar til eit hyggeleg arbeidsmiljø!
Ta kontakt ved interesse!

MILJØ MØTEPlass MISJON

Følg oss på Facebook "NMS Gjenbruk Os"

Vil du bli medarbeidar i NMS Gjenbruk Os?

- Liker du å møte menneske?
- Har du nokre timar til overs kvar eller annankvar veke?
- Ønskjer du å vera med i eit triveleg fellesskap?

Ta kontakt med styreleiar Eirik Norheim (971 91 921) eller med ein av medarbeidarane i butikken!

Døyppte

Velkommen i kyrkjelyden!

7. desember

Hannah Stuen

28. desember

Storm Funderud Orrebakken
Halvard Herheim Nøstvold

4. januar

Hedda Sørfonn Helland
Caspian Moeschinger-Ristesund

11. januar

Jonathan Skaathun Olsen
Signe Alvheim Sundfjord
Alma Helland Kristoffersen
Theodor Cuthbert Havsgård
Olav Vassenden Engelsen
Ludvik Knudsen Sperrevik

18. januar

Amund Elias Dalland Andersland
Oscar Kvittingen-Hjertås
Knut Olai Austevoll
Sofie Teigland Sandven

25. januar

Victoria Jensen Lien
Martin Gjertsen
Nora Sørstrønen Brandsøy

1. februar

Elise Oma Brakestad
Mikkel Skiple Olsen
Mina Thunold Bolstad
Emma Eron-Brade
Mons Einar Sørstrønen-Vevatne
Mateo Kolltveit Lothe
Oskar Helland Opdal

8. februar

Sverre Støle Tangerås
Johannes Drange Bjørnevik
Emmy Shears-Myhre
Laurits Dyngeland-Hjelle

22. februar

Konrad Dalheim Vaksinen
Sebastian Bø Nordtvedt
Ulrik Rydland Knarvik

1. mars

Alexander Herfindal Sølberg
Selma Vinnes Myrvoll

8. mars

Lias Austevoll
Ingeborg Oline Solvang
Emil Beiermann-Hiim
Ronja Beiermann-Hiim

Vigde

Gratulerer med kjærleiken!

14. februar 2026

Linda Synnøve Kongestøl & Karsten Skare



Trond Carles Andreassen
28.03.1941-16.10.2025

Arne Hauge
08.01.1936-12.11.2025

Gunvor Østrem
11.02.1932-13.11.2025

Torbjørn Grimseid
07.08.1958-21.11.2025

Jan Einar Aadland
05.04.1943-27.11.2025

Einar Sandstedt
17.09.1946-28.11.2025

Magne Johan Sørstrønen
26.01.1931-05.12.2025

Kjell Magne Meidell Klette
24.01.1953-07.12.2025

Thor Svendsen
16.08.1935-07.12.2025

Odd Kåre Hjertholm
24.03.1940-14.12.2025

Björg Kristiansen Børtveit
01.03.1933-17.12.2025

Anne Kristine Vangsnes
28.05.1942-18.12.2025

Torhild Emely Løvaas Haugland
22.03.1948-22.12.2025

Jostein Røttingen
19.04.1953-23.12.2025

Kaare Martin Bakke
07.09.1938-30.12.2025

John Alan Haugland
11.03.1958-31.12.2025

Eldbjørg Rosvold
23.01.1932-03.01.2026

Liv Berit Sivertsen
11.10.1943-06.01.2026

Björg Færøy Bøe
03.01.1940-08.01.2026

Kjetil Folgerø
30.09.1949-16.01.2026

Margrete Helena Rød
18.09.1943-18.01.2026

Arnlot Leonard Stamnes
17.11.1939-20.01.2026

Jan Erik Nygaard
21.09.1947-23.01.2026

Lars Bjarte Bjørkhaug
21.01.1946-24.01.2026

Berit Nesbø
20.05.1948-05.02.2026

Bjarne Moberg
06.01.1961-09.02.2026

Britt Engevik
19.05.1944-10.02.2026

Berit Solberg
21.03.1955-11.02.2026

Levi Grindevoll Skage
14.02.2026-20.02.2026

Otto Magne Moberg
10.03.1946-28.02.2026

Kvil i fred

Strikkebasar 14. februar

Gevinst	Vinnar
Strikket teppe, fellesarbeid	Idun Fjeld
Damegenser	Fam. Leif M. Drange
Barnegenser	Molfri Haga
Islender voksen	Gerd Gulstad
Duk, kunststrikk	Bodil Duesund
Bilde, malt av Torhild Amland Hope	Inger Botnevik
Damegenser	Jostein Enger
Barnegenser	Olav Ytredal
Brodert duk	Einar Haugland
Damegenser	Anne Lise Haugland
Barnegenser	Solveig Skaar
Barnegenser	Dorthea Ytredal
Bilde malt av Cagla Tsharla, kunstnar frå Tyrkia	Wenche Nyhamn
Damegenser	Lene Stangeland
Barnegenser	Mia og Eirk Norheim
Strikket hals	Arvid Varpe
Strikket pute	Britt Reidun Storlid
Skreddersaks	Kjellaug Aase Fyllingsnes
Damegenser	Bodil Duesund
Dukke med seng og klær	Arlid Ulvestad
Damevest	Borgfrid Dahl
Teppe/pledd	Lill Karin Wallem
Barnegenser	Valborg Furnes
Barnevest	Anne Fimreite
Duk i kunststrikk	Else Ekerhovd
Damegenser	Sylvi Lundgren
Barnegenser	Sofie Sælen Mjelde
Lego	Sissel Grønvingh
Kortermet damegenser	Kjellaug Aase Fyllingsnes
Damegenser	Kari Leine Balog
Damegenser	Karen Marit Dyrdal
Brodert duk	Helge Jørgensen
Genser til voksen	Astrid og Gisle Enstad
Tovet veske	Harald Døsen
Damegenser	Else Ekerhovd
Sengesett	Lene Stangeland
Barnegenser	Berit Fiksen Foldrup
Damegenser	Astrid og Gisle Enstad
Oleannajakke	Haldis Wenche Omdahl
Barnegenser	Rune Døsen Dahl
Barnegenser	Gerhard Hansen
Barnegenser	Kristin S. Drange

Vel gjennomført Strikkebasar også i år!

Takk til alle som har bidratt med gevinster.
Takk til alle som kom på basaren, tok masse lodd på bøker og årer, og delte dagen med oss.
Takk til KOREdu som sang for oss.
Resultatet vart i overkant av kr 77000 til Tunet.
Vi er storfornøyde!

Helsing«Strikkedamene»

Sokneprest
Roar Hallesby Evjedal | 934 42 968 | re674@kyrkja.no

Kapellan
Jostein Enger | 975 01 273 | je886@kyrkja.no

Prostiprest
Svante Havåg | 922 47 639 | sh226@kyrkja.no

Kyrkjeverje Bjørnaffjorden
Jon Håkon Øen | jo633@kyrkja.no

Dagleg leiar Os sokn
Sigurd Rotvik Tunestveit | 938 69 109 | st575@kyrkja.no

Kantor
Irina Tarasova | it698@kyrkja.no

Organist
Anna Cecilie Norlund Oksavik | an785@kyrkja.no

Diakonimedarbeidar
Rebecca Efua Sam Hilleren
988 98 047 | rh374@kyrkja.no

Konsulent - utleige/resepsjon
Inger-Johanne Haugland | 457 13 710 | ih985@kyrkja.no

Konsulent - økonomi/ gravplassforvaltning
Monica Refsdahl | 456 52 830 | mr346@kyrkja.no

Frivilligkoordinator, administrativ konsulent
Ine Sofie Moen | 984 06 111 | im763@kyrkja.no

Kateket
Gro Helen Blindheim Skjælaaen
452 78 575 | gs234@kyrkja.no

Kyrkjelydsarbeidar, born og familiar
Sylvi Lundgren | 475 04 327 | sl828@kyrkja.no

Trusopplæringsmedarbeidar
Kristine Fjeld | 414 26 859 | kf253@kyrkja.no

Ungdomsleiar
Harald Skoglund Dahler | 482 61 164 | hd973@kyrkja.no

Prosjektarbeidar "Opne møteplassar"
Idun Fjeld | 482 66 376 | if594@kyrkja.no

Driftsleiar
Kenneth Molland | km893@kyrkja.no

Kyrkjegardsarbeidar, kyrkjetenar
Agnar Midtsæter
Lars Joar Hilleren
Linn Kjerstin Østgulen
Marius Dale Romslo

Kyrkjegardsarbeidar
Marianne Tveit
Terje Rød
Øyvind Dreyer

Kyrkjetenar
Marie Hallesby Evjedal



Barnas

Fargelegg!

Samuel var ein gut på ca. 6 år som vakna av at Gud snakka til han! Fargelegg bildet av Samuel som vaknar i senga si.



Teikning: Chiara Bertelli

Gåte:

Veit du kva som går opp når den går ned? Glidelåsen!

Finn 10 gutenamn

I rutenettet gøymmer det seg 10 gutenamn. Leit bortover og nedover. Klarer du å finne alle?


Y	J	M	Q	X	R	X	E	E	E
O	E	O	E	H	U	T	G	H	O
R	I	R	D	A	B	Z	I	A	K
U	S	T	O	V	E	P	L	S	R
M	A	E	Z	O	N	U	F	L	I
G	K	N	Q	F	U	O	I	A	S
R	N	O	A	H	Y	L	L	K	T
K	Å	R	E	U	Q	A	L	Y	I
G	D	H	G	K	K	V	I	X	A
G	U	W	G	Q	X	Z	P	W	N

Finn 5 feil

Samuel hørde mange ting frå Gud. Då Samuel blei vaksen fortalde Gud han kven som skulle bli konge. Kan du finne fem feil på bildet under?



Teikning: Kari Sortland



Gi bladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvane er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 03 71 00

Vits:

Hvis du kallar meg liten éin gong til, så hoppar eg opp og bit deg i kneskåla!



Kjære lesar!

Har du bladd heilt hit, er du kanskje interessert i ei aktiv og levande kyrkje for alle i Os?

Kan hende er du blant dei mange som bidreg, anten praktisk eller økonomisk, til kyrkjelyden sitt arbeid allereie?

Hugs at du får skattefrådrag for gåver inntil 25000 kroner i året til gode formål. Teiknar du deg som fast gjevar blir dette automatisk registrert om du oppgir personinformasjon.

Bli med å byggje lokalkyrkja ved å gje ei gåve eller bli fast gjevar til Os kyrkjelyd - det kjem mange til gode!

VIPPS til #786791

eller scann QR-koden:



På vegne av alle i kyrkja: Tusen takk!

Kvittering

Innbetaling til konto

Beløp

Betalerens kontonummer

Blankettnummer

3201 53 26254

VALFRITT!

GIRO

Betalingsfrist

Frivillig gåve til Os kyrkjelyd

Underskrift ved girering

Betalt til

Kyrkja vår!

Belast konto

Kvittering tilbake

Kundeinformasjon (KID)

Kroner

Øre

Til konto

Blankettnummer

3201 53 26254



24.-26. juni kl. 9-15

Hei, 1. og 2.-klassing!



Likar du å spele på **trommer**, **lage ting** med hendane, eller **spele teater**? Kanskje du har lyst til å gå på **klovneskule**, eller prøve **graffiti**?

Bli med på Skapingsdagane!

Alle born fødd i 2018 og 2019 er velkomne til tre kreative dagar i Tunet med dyktige kunstnarar.

BLI MED OG SKAP MED OSS!

Påmelding på nett: kyrkja.no/os

Os kyrkje	Nore Neset kyrkje
22.03.26 11:00 Gudsteneste Fasteaksjonen 2026	08.03.26 11:00 Familiegudsteneste/Messy Church
24.03.26 09:45 Skulegudsteneste	22.03.26 11:00 Gudsteneste
29.03.26 11:00 Gudsteneste Palmesøndag	02.04.26 19:00 Gudsteneste Skjærtorsdag, kveldsmat
03.04.26 12:00 Pasjonsgudsteneste Langfredag	19.04.26 11:00 Familiegudsteneste/Messy Church
05.04.26 11:00 Høgtidsgudsteneste 1. Påskedag	02.05.26 10:15 Konfirmasjonsgudsteneste
12.04.26 11:00 Gudsteneste	12:00 Konfirmasjonsgudsteneste
19.04.26 11:00 Gudsteneste	13:45 Konfirmasjonsgudsteneste
26.04.26 11:00 Gudsteneste	10.05.26 12:00 Konfirmasjonsgudsteneste
03.05.26 10:15 Konfirmasjonsgudsteneste	14.05.26 11:00 Gudsteneste
12:00 Konfirmasjonsgudsteneste	07.06.26 11:00 Familiegudsteneste/Messy Church
13:45 Konfirmasjonsgudsteneste	21.06.26 11:00 Gudsteneste
09.05.26 10:15 Konfirmasjonsgudsteneste	Andre stader
12:00 Konfirmasjonsgudsteneste	02.04.26 11:00 Luranetunet: Gudsteneste Skjærtorsdag
13:45 Konfirmasjonsgudsteneste	06.04.26 12:00 Smievågen: Familiegudsteneste. 2. påskedag. Bålkos og grilling!
10.05.26 19:00 Gudsteneste	12.04.26 18:00 Tunet: Ungdomsgudsteneste
17.05.26 10:00 Gudsteneste	19.04.26 11:00 Ervikane: Familiegudsteneste
24.05.26 11:00 Høgtidsgudsteneste	25.05.26 11:00 Lysekloster kapell: Gudsteneste 2. pinsedag
31.05.26 11:00 Familiegudsteneste, 4-årsbok	18:00 Tunet: Ungdomsgudsteneste
07.06.26 11:00 Gudsteneste	14.06.26 18:00 Tunet: Ungdomsgudsteneste
14.06.26 11:00 Folketonemesse	26.06.26 14:00 Kyrkjeflaten: Skapingsgudsteneste
18.06.26 18:00 Regnbogegudsteneste	
28.06.26 11:00 Gudsteneste	
26.07.26 11:00 Gudstjeneste	

Oppdatert informasjon finn du på nettsidene kyrkja.no/os